

Hafslo barne- og ungdomsskule

«Me står saman for ein trygg oppvekst i eit aktivt og inkluderande læringsmiljø»

Tilbod om leksehjelp ved Hafslo barne- og ungdomsskule 2023/2024

Leksehjelpa er eit frivillig tilbod som elevar i 4.-7. klasse kan delta på. Tilbodet startar måndag 4. september og sluttar onsdag 29. mai.

Leksehjelpa er på desse tidene:

Måndag 13.40 – 14.25, gjeld 4.-7.kl.

Onsdag 13.40 – 14.25, gjeld 4., 5. og 7. kl.

Elevane har friminutt/pause frå overgangen mellom undervisning til leksehjelp. Dette med bakgrunn i at elevane då kjem frå ei 90 minuttsøkt med undervisning. Skulen har ikkje skuleskyssansvar, men har organisert det slik at ein kan ta skuleskyssen kl. 14.35.

«Formålet med leksehjelpa er å gi eleven støtte til læringsarbeidet, kjensle av meistring og gode rammer for sjølvstendig arbeid. Leksehjelpa skal og medverke til å utjamne sosial ulikskap i opplæringa.

Leksehjelpa er ikkje ein del av opplæringa til eleven, men skal sjåast i samanheng med opplæringa. Leksehjelpa skal gi eleven hjelp med skolearbeidet.» (§ 1A-1 Leksehjelp i grunnskolen)

Leksehjelpa er organisert i to grupper på barneskulen. 4. og 5. kl er på ei gruppe med pedagogen Sondre Høiseth i 5. klasserommet. 6. og 7. kl. er på ei gruppe med pedagogen Oda Bjelde i 7. klasserommet. Det er til stades ein vaksen på kvar gruppe. Dette skuleåret har skulen 84 elevar i 4. – 7. klasse, så på det meste kan det vere opp til 46 ungar på ei gruppe måndagar. Utfordringa blir å handtere tilbodet slik at det vert trygt og pedagogisk forsvarleg.

Rutinar for å nytte seg av tilbodet:

- Elevane jobbar med lekser som synt på vekeplan
- Dersom eleven er ferdig med lekser som står på planen, og den vaksne på gruppa har sett det, skal eleven reise frå leksehjelpa
- Dersom eleven er ferdig med leksene som står på planen, men ynskjer å vere der til tida er slutt, kan eleven gjere det ved å jobbe med evt. ekstraoppgåver, lese, spele mm. Dette etter avtale med den vaksne
- Elevar som ikkje er motiverte for å gjere det dei skal på leksehjelpa, skal forlate leksehjelpa og reise heim
- Elevar som uroar på leksehjelpa, må forlate leksehjelpa og skulen
- Eventuelle underskrifter som elevane skal ha i samband med lekser, skal gjerast av foreldra heime
- Meldingar heimanfrå som gjeld leksehjelp, skal skrivast på Visma til kontaktlærer
- Kontaktlærer vidareformidlar beskjed til dei vaksne på leksehjelp.

Hafslo 25.08.23

-rektor-